

## **Bruk av stipendet.**

Samle inn og formidle folkemusikk frå frå Hardanger til folkemusikkarar og til eit stort allmennt publikum.

Mitt fyrste arbeid i dette prosjektet er alt slåttemateriale frå Hardanger. For å full oversikt all slåttemusikken vil eg gå gjennom folkemusikkarkiva, N.R.K, Arne Bjørndal samling Bergen, Norsk Folkemuikk samling Bergen og eventuelte andre kjelder og lokale arkiv.

Eg har avtale med musikkforlaget Grappa Oslo. Dei vil gje ut alle slåttane frå Granvin, ca 95 slåttar på 5 cdar. Det og laga eit stort teksthefte med bilder om folkemusikktradisjonen i Granvin, slik kan slåttemusikken frå Granvin i sin heilheit verte tilgjengeleg for eit stor publikum.

Eg vil produsere undervisnings dvd for undervisning på hardingfele . Eg tenkjer meg to dvdar, ein for ungdomar under 16 år og ein for dei over 16. Målgruppe vert juniorspelemannslaga i Norge, Masterclass Hardanger, Hardanger Ung og andre aktuelle brukarar. Eg underviser ved Mastercass Hardanger og Hardanger Ung. Me tilbyr undervisning til ungdomar i Hordaland fylke for Ung Hardanger, Masterclass Hardanger gjev tilbod til ungdomar frå heile landet. Innhald på dvdane vert 10 slåttar der eg spela. I forkant til kvar slått vil gjev gode råd om slåtten som, slåtten sit særpreg, historie, takt, rytme ol. På filmen vil eg filme fingerbruken, venstre hand, oppe høgre hjørne, nærbilde. Dette er er skisser og tankar rundt mine prosjekt, enkelte endringar kjem so klart undervegs. Eg håpar på stipend, støtte, slik kan eg gjennomføre det eg brenn for.

Mvh. Knut Hamre.